



Orkanger, 14.11.2017

Orkdal kommune  
[postmottak@orkdal.kommune.no](mailto:postmottak@orkdal.kommune.no)

## **Reguleringsplan for Furumoen**

Vi viser til brev av 06.10.2017, dykkar ref 2016/9123 39, om reguleringsplan for Furumoen.

Vi viser til høyringsuttale frå FNF, der Naturvernforbundet er ein av fleire medlemsorganisasjonar, og har i tillegg følgjande innspel til reguleringsplanen:

### **1. Vårt primære syn er avvising av planforslaget**

Vi ser det slik at dei negative konsekvensane for naturmiljøet (nedbygging av Furumokjela) og for jordbruksvernet (nedbygging av dyrkamarka på Furumoen) er vesentleg større enn dei samfunnsmessige gevinstane ved forslaget til reguleringsplan. Ut i frå dette ber vi Orkdal kommune om å avvise forslaget til reguleringsplan for Furumoen og eventuelt initiere arbeid med tilsvarande reguleringsplan på alternative område.

- a. Jordlova § 9 forbyr å bruke jordbruksareal til andre føremål, men med opning for dispensasjon: «*Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika.*»

I dette tilfellet dreier det seg om å finne plass for «*Norsk kylling AS*» med tilhøyrande aktivitetar. Til den aktuelle etableringa finst det alternative areal, ikkje minst i Malvik, som ikkje medfører nedbygging av dyrkamark og/ eller naturområde. I tillegg er det mogleg å klargjera areal på Vormstad i Orkdal.

Ut i frå dette vil vi hevde at det her ikkje er grunnlag for å fråvike § 9 i jordlova; «*Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.*»

Så lenge det finst alternative areal for den aktuelle etableringa, kan vi ikkje sjå at det er grunnlag for vise til «*særlege høve*», som vilkår for dispensasjon.

- b. Nasjonal jordvernstrategi vart vedteke av Stortinget 08.12.2015, med ei bindande grense for nasjonal omdisponering av matjord på maksimalt 4000 daa/år.

Berre 3% av norsk areal er dyrkamark, og det er viktig å oppretthalda norsk jordbruksareal og jordbruksproduksjon. Når Orkdal har 0,4% av norsk matjord, svarer Nasjonal jordvernstrategi til maks 16 daa/år tap av matjord i Orkdal.

Orkdal har i gjennomsnitt omdisponert 60 daa/år jordbruksareal til andre formål dei 10 siste åra, slik at det allereie i dag ser ut til å vera utfordrande for Orkdal kommune å oppfylle sin del av Nasjonal jordvernstrategi. Inngrepet på Furumoen, med tap av 140 mål flat kornjord, kjem på toppen av dagens årlege omdisponering på 60 daa, og vil representere eit fullstendig brot med Nasjonal jordvernstrategi.

- c. Det blir arbeidd med å setja fart på nasjonal jordvernstrategi i heile landet, og 5. desember (den internasjonale jorddagen) vil Fylkesmennene i Trøndelag ha ein

regional jordvernkonferanse retta inn mot kommunane, som eit ledd i arbeidet med å setja den nasjonale jordvernstrategien ut i livet. Vi ser det som heilt feil om Orkdal kommune presser gjennom ei nedbygging av 140 mål fulldyrka flat kornjord rett før fylkesmennene set fart på arbeidet med jordvern.

Behandling av ei eventuell nedbygging av Furumoen bør bli utsett til nyåret 2018, etter at fylkesmennene i Trøndelag har starta den regionale satsinga for å setja Nasjonal jordvernstrategi ut i livet, slik at ei eventuell nedbygging blir sett i lys av den nasjonale kampanjen.

- d. Flytting av jord er eit sterkt omdiskutert tiltak for å gjenvinne tapt dyrkamark. Det er komplisert, kostbart og vanskeleg forutseibart. Dette er i første rekke eit tiltak til bruk i tilfelle der det ikkje er andre alternativ, som for eksempel ved utbygging av veganlegg, jernbane etc, der det ikkje er brukbare alternativ for framføring.
- e. Furumokjela er ein raudlista og prioritert naturtype som Orkdal kommune har eit særleg ansvar for å ta vare på og vedlikehalda. Vi viser til argumentasjon i tidlegare innsendte høyringsuttalar om sjøaure, fugl, insekt m.m. som er viktig i samband med kjela.  
Furumokjela er nær utløpet av Orkla, og har ei viss saltvassinnstrauming ved flo sjø. Ho er ei av veldig få kjeler med brakkvatn/ salinitet på landsplan, noko som gjer denne kjela unik. Ved å erstatte dagens røyr med ein større kulvert, kan denne kjela bli særskild viktig for sjøauren i heile Orkla.  
Vi viser også til vårt innspel til planprogrammet (21.10.2016) der vi viser at kjela er ein del av elva Orkla, slik at ho dermed har eit utvida vern, både som nasjonalt laksevassdrag og vern gjennom vassforskrifta og EUs vassrammedirektiv.  
Som vi har varsla tidlegare, vil vi vurdere å klage på brot på vassforskrifta til ESA, som fører tilsyn med at Noreg ikkje bryt dei EU-direktiva som er innlemma som ein del av Noregs lovverk. I dette tilfellet vil det dreie seg om brot på EUs vassrammedirektiv<sup>1</sup>.

## 2. **Vårt subsidiære syn i tilfelle kommunestyret går vidare med reguleringsplanen.**

Dersom kommunestyret vedtek å gå vidare med reguleringsplanen for Furumoen ber vi om at det blir gjennomført omfattande avbøtande og/eller miljømessig kompensierende tiltak, både i samband med tap av matjord og inngrep i Furumokjela.

Vi ønskjer i tilfelle å bidra i dette arbeidet.

Vi fremmer både innspel som kan bli knytt direkte til tiltak knytt i denne reguleringsplanen, og innspel som kanskje må bli fremma som frittstående politiske initiativ, formelt sett uavhengige av reguleringsplanen, men som kompenserer for eit generelt tap av miljøverdiar som følgje av reguleringsplanen.

- a. Etablere forpliktande plan for restaurering av andre kjeler langs Orkla, og vurdere å ta initiativ for å etablere naturreservat i samband med ei stor og miljømessig verdfull kjele.

---

<sup>1</sup> Directive 2000/60/EC

- b. Støtte til initiativet om vern av Råbygd fjæra etter naturmangfaldlova som Naturvernforbundet i Orklaregionen, Orkla Jeger og Fiskerforening og Norsk Ornitologiske forening, Orkla lokallag sendte Klima- og Miljødepartementet 07.07.2017.
- c. Erstatte tapt dyrkamark og gjennomføre andre tiltak for jordvern utan at dette medfører vesentlege naturinngrep.
  - i. Reetablering andre stadar av dei 140 daa flat, fulldyrka kornjord som går tapt på Furumoen. Gjennomføre dette arbeidet i tett samarbeid med forskingsmiljø. Her må det vera snakk om å reetablere tilsvarende flat kornjord i låglandet.  
Dersom slik reetablering av høgkvalitets flat kornjord medfører tap av mindre verdfull, men like fullt dyrkbar mark/ beiteland, må dette tapet bli kompensert, slik at det totale arealet dyrkamark ikkje blir redusert.
  - ii. Gjenvinne dyrkamark som har gått/ går tapt i andre inngrep i Orkdal. Eit mål kan vera å gjenvinne ytterlegare 120 mål (som tilsvarer 2 års gjennomsnittleg tap i Orkdal dei siste 10 åra)
  - iii. Utarbeiding av ein forpliktande kommunal jordvernstrategi for å bringe årleg tap av dyrkamark ned i null.
  - iv. Krav til rekkefølge, slik at (2. c. i.) må vera gjennomført før byggjестart av permanente bygg i reguleringsområdet.

Med helsing

Mads Løkeland  
Naturvernforbundet i Orklaregionen

Vedlegg:

Naturvernforbundets høyringsuttale til oppstart av planprogram for Furumoen,  
21.10.2016